



## 12 år seinare – vinter-OLeld frå Olympia.

### 1956: Cortina d`Ampezzo, Italia: Fakkell frå Roma.



Italienarane var heller ikkje interesserte i ein gresk eld til vinter-OL i Cortina d`Ampezzo i 1956. Dei tente sjølve elden i Roma, og sendte den i ein stafett til Dolomittene via dei største stadene i landet. Den olympiske meistaren frå utforrennet på Norefjell fire år tidlegare, Zeno Colo, løypte med fakkelen ned fjellsidene i skibakkane inn mot OL-byen, der ein skøyteløpar bar fakkelen fram til tenning på stadion. Seremonien var den fyrste som blei overført i fjernsyn, og elles blir leikane hugsa som dei fyrste der Sovjetunionen var med.

### 1960: Squaw Valley, USA: Fakkell frå Morgedal.




Få månader før vinter-OL skulle opne i Squaw Valley i California i februar 1960, kom det ein førespurnad til Morgedal om dei kunne hjelpe til med ein OL-eld til USA frå gruva på Øverbø. Morgedølane sa sjølvstakt ja, og på kort varsel laga dei ein triveleg, men enkel seremoni i Morgedal. Etter programmet i Morgedal blei fakkelen denne gongen frakta i ein open bil til Oslo. Der blei elden ført over i ei lita lampe som blei tatt om bord i SAS-flyet som gjekk i rute til Los Angeles. Flyet hadde fått eigen dekor, «Olympic Flame Carrier» og elden frå Morgedal kom trygt fram til den amerikanske vestkysten.

Frå Los Angeles vart fakkelen frakta i fleire etappar til OL-byen Squaw Valley. Der hadde Walt Disney skapt dekorasjonar i is og snø. Disney hadde også ansvaret for opningsseremonien. Dette var dei fyrste "kompakte" leikane der alle øvingane gjekk føre seg innanfor eit lite område. Opningsseremonien vart halden på skøytebanen i dalbotnen og Ken Henry frå USA, som vant 500 meter på skøyter i Oslo i 1952, hadde sjarmøretappen fram til tenninga av elden.

Den store tavla med alle nasjonsmerka frå 1960 står framleis ved innkjøringa til «the Olympic Valley». Framleis brenn OL-elden framfor tavla, men det er nok usikkert om det er den originale flamma frå Morgedal som framleis brenn der!

### 1964: Innsbruck, Austerrike: Fakkell frå Hellas.



Dette vart det fyrste vinterolympiske arrangementet med ein OL-eld tent i Olympia i Hellas. Leikane i Innsbruck var lenge truga av snømangel etter varm fönvind og mildver. Då leikane opna med seremoni i Bergisel-bakken, hadde militære mannskap sankt tusenvis av kubikkmeter sno inn i dei olympiske anlegga.

OL-fakkelen blei flogt inn frå Olympia, og frå flyplassen i Innsbruck bar ein stafett av skiløparar OL-elden opp til stadion. Frå nå av blei alle OL, både vinter og sommar, forsynt med eld etter gresk tradisjon. Dette var tradisjon heilt til OL på Lillehammer i 1994.